

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd

2016/EØS/47/12

av 26. oktober 2011

om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til listene over grensekontrollstasjoner og veterinæreiningar i TRACES

[meld under nummeret K(2011) 7564]

(2011/707/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 90/425/EØF av 26. juni 1990 om veterinærkontroll og avlskontroll ved handel med visse levende dyr og produkter innenfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre marked⁽¹⁾, særleg artikkel 20 nr. 1 og 3,

med tilvising til rådsdirektiv 91/496/EØF av 15. juli 1991 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av dyr som innføres til Fellesskapet fra tredjestater, og om endring av direktiv 89/662/EØF, 90/425/EØF og 90/675/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 6 nr. 4 andre leddet andre punktumet,

med tilvising til rådsdirektiv 97/78/EF av 18. desember 1997 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av produkter som innføres til Fellesskapet fra tredjestater⁽³⁾, særleg artikkel 6 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I kommisjonsvedtak 2009/821/EF av 28. september 2009 om utarbeiding av ei liste over godkjende grensekontrollstasjoner, om fastsetjing av visse reglar for dei inspeksjonane som veterinærakkunnige frå Kommisjonen skal utføre, og om fastsetjing av veterinæreiningar i TRACES⁽⁴⁾ er det fastsett ei liste over grensekontrollstasjoner som er godkjende i samsvar med direktiv 91/496/EØF og 97/78/EF. Denne lista er ført opp i vedlegg I til det nemnde vedtaket.
- 2) På grunnlag av ei melding frå Belgia bør godkjenninga for kontrollsentra Avia Partner og Swiss Port ved grensekontrollstasjonen ved lufthamna Brussel-Zaventem utvidast til å gjelde for alle emballerte produkt

som er meinte for konsum. Lista over postar for denne medlemsstaten, slik det er fastsett i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF, bør difor endrast.

- 3) Danmark har meldt frå om at namnet på ein grensekontrollstasjon i hamna i Århus bør skrivast «Aarhus». Lista over grensekontrollstasjoner i denne medlemsstaten bør difor endrast.
- 4) Etter ein tilfredsstillande kontroll utført av inspeksjonstenesta til Kommisjonen, Næringsmiddel- og veterinærkontoret, bør ein ny grensekontrollstasjon ved Koidula (jarnbane) i Estland leggjast til i postane for denne medlemsstaten i den lista som er fastsett i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF. I tillegg har Estland meldt frå om at grensekontrollstasjonen ved Luhamaa (veg) òg bør godkjennast for visse andre levande dyr enn dyr av hestefamilien og hovdyr. Posten for den nemnde grensekontrollstasjonen bør difor endrast.
- 5) Italia har meldt frå om at godkjenninga av kontrollsenteret Sintermar ved grensekontrollstasjonen i hamna Livorno-Pisa er vorten mellombels oppheva. Lista over grensekontrollstasjoner i denne medlemsstaten bør difor endrast.
- 6) På grunnlag av ei melding frå Latvia bør kontrollsenteret «Kravu Termināls» ved grensekontrollstasjonen i hamna i Riga strykast frå lista over postar for denne medlemsstaten i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.
- 7) Nederland har meldt frå om at namna på kontrollsentra ved grensekontrollstasjonen i Vlissingen er vortne endra. Posten for den nemnde grensekontrollstasjonen bør difor endrast.
- 8) På grunnlag av ei melding frå Portugal bør posten for grensekontrollstasjonen i hamna i Horta (Açores) strykast frå lista over postar for denne medlemsstaten i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 281 av 28.10.2011, s. 29, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 34/2012 av 30. mars 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 43 av 2.8.2012, s. 1.

⁽¹⁾ TEF L 224 av 18.8.1990, s. 29.

⁽²⁾ TEF L 268 av 24.9.1991, s. 56.

⁽³⁾ TEF L 24 av 30.1.1998, s. 9.

⁽⁴⁾ TEU L 296 av 12.11.2009, s. 1.

- 9) På grunnlag av ei melding frå Sverige bør godkjenninga for levande dyr i posten for grensekontrollstasjonen i hamna i Göteborg, strykast frå lista over postar for denne medlemsstaten i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.
- 10) Posten for grensekontrollstasjonen ved lufthamna i Manston i Det sameinte kongeriket gjekk ut ved kommisjonsavgjerd 2011/93/EU⁽⁵⁾. Etter ei ny oppmoding frå Det sameinte kongeriket og etter ein tilfredsstillande kontroll utført av inspeksjonstenesta til Kommisjonen, Næringsmiddel- og veterinærkontoret, bør Manston lufthamn godkjennast for dyr av hestefamilien og hovdyr, og først opp i lista over grensekontrollstasjonar i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF. I tillegg har Det sameinte kongeriket meldt frå om at grensekontrollstasjonen i hamna i Southampton er vorten delt i to kontrollsentersom er godkjende for ulike produktkategoriar. Posten for den nemnde grensekontrollstasjonen bør difor endrast.
- 11) I vedlegg II til vedtak 2009/821/EF er det fastsett ei liste over sentrale einingar, regionale einingar og lokale einingar i det integrerte veterinærdatasystemet (TRACES).
- 12) På grunnlag av meldingar frå Danmark, Tyskland og Polen bør det gjerast visse endringar i den lista over

sentrale, regionale og lokale einingar i TRACES for desse medlemsstatane som er fastsett i vedlegg II til vedtak 2009/821/EF.

13) Vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.

14) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegg I og II til vedtak 2009/821/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 26. oktober 2011.

For Kommisjonen

John DALLI

Medlem av Kommisjonen

⁽⁵⁾ TEU L 37 av 11.2.2011, s. 25.

VEDLEGG

I vedlegg I og II til vedtak 2009/821/EF vert det gjort følgjande endringar:

1) I vedlegg I vert det gjort følgjande endringar:

a) I den delen som gjeld Belgia, skal posten for lufthamna Brussel-Zaventem lyde:

«Brussel–Zaventem Bruxelles-Zaventem	BE BRU 4	A	Flight Care	HC-T(2)	
			Flight Care 2	NHC(2)	U, E, O
			Avia Partner	HC(2)	
			WFS	HC-T(2)	
			Swiss Port	HC(2)»	

b) I den delen som gjeld Danmark, skal posten for hamna i Århus lyde:

«Århus	DK AAR 1	P		HC(1)(2), NHC(2)»	
--------	----------	---	--	----------------------	--

c) I den delen som gjeld Estland, vert det gjort følgjande endringar:

i) Følgjande post for ein ny grensekontrollstasjon ved Koidula (jarnbane) vert lagd til:

«Koidula	EE KLA 2	F		HC(2), NHC-NT(2), NHC-T(FR)(2)»	
----------	----------	---	--	------------------------------------	--

ii) Posten for Luhamaa (veg) skal lyde:

«Luhamaa	EE LHM 3	R		HC, NHC	U, E, O(14)»
----------	----------	---	--	---------	--------------

d) I den delen som gjeld Italia, skal posten for hamna i Livorno-Pisa lyde:

«Livorno–Pisa	IT LIV 1	P	Porto Commerciale	HC, NHC-NT	
			Sintermar (*)	HC (*), NHC (*)	
			Lorenzini	HC, NHC-NT	
			Terminal Darsena Toscana	HC, NHC»	

e) I den delen som gjeld Latvia, skal posten for hamna i Riga (*Riga port*) lyde:

«Riga (<i>Riga port</i>)	LV RIX 1a	P		HC(2), NHC(2)»	
----------------------------	-----------	---	--	----------------	--

f) I den delen som gjeld Nederland, skal posten for hamna i Vlissingen lyde:

«Vlissingen	NL VLI 1	P	Kloosterboer Denemarkenweg	HC-T(2), NHC-T(FR)(2)	
			Kloosterboer Finlandweg	HC(2)»	

g) I den delen som gjeld Portugal, går posten for hamna Horta (Açores) ut.

h) I den delen som gjeld Sverige, skal posten for hamna i Göteborg lyde:

«Göteborg	SE GOT 1	P		HC(2), NHC(2)-NT»	
-----------	----------	---	--	-------------------	--

i) I den delen som gjeld Det sameinte kongeriket, vert det gjort følgjande endringar:

i) Ein ny post for lufthamna i Manston skal lyde:

«Manston	GB MSE 4	A			U, E»
----------	----------	---	--	--	-------

ii) Posten for hamna i Southampton skal lyde:

«Southampton	GB SOU 1	P	IC1	HC-T(1)(2), HC-NT(1)(2)	
			IC2	NHC(2)»	

2) I vedlegg II vert det gjort følgjande endringar:

a) I den delen som gjeld Danmark, vert det gjort følgjande endringar:

i) Posten for den regionale eininga «DK00001 REGION VEST» skal lyde:

«DK00001 FØDEVARESTYRELSEN, VEST»

ii) Posten for den regionale eininga «DK00002 REGION ØST» skal lyde:

«DK00002 FØDEVARESTYRELSEN, ØST»

iii) Posten for den lokale eininga «DK01200 ÅRHUS» skal lyde:

«DK01200 AARHUS»

b) I den delen som gjeld Tyskland, går følgjande post for ei lokal eining ut:

«DE46713 WISMAR HANSESTADT»

c) I den delen som gjeld Polen, skal posten for den lokale eininga «PL30160 OBORNIKI WLKP» lyde:

«PL30160 OBORNIKI».